

Til Fastlegar, legevaktssjefar, kommunalsjefar i helse og omsorg, kommuneoverlegar og praksiskonsulentar i Helse Førde sitt opptaksområde

Dykkar ref.: **Vår ref.:** **Sakshandsamar:** **Dato:**
2022/4360 - 26722/2022 Arild Krogh Nøstdal 15.08.2022

Ny pasientløype startar opp 22.08.2022

Kva: Eit samarbeid mellom Seksjon rus ved Nordfjord psykiatrisenter og Medisinsk seksjon ved Nordfjord sjukehus.

Mål: **Sikre rask og samordna hjelp til personar med alkoholavhengnad når døgntil behandling i spesialisthelsetenesta av medisinske årsaker ikkje kan vente.**

Korleis: Fastlege eller legevakt ringer Seksjon rus, **telefon 57 86 43 40**. På yrkedagar frå 08.00-15.30 snakkar ein med seksjonsleiar. Utanfor kontortid tek seksjonen imot informasjon slik at saka blir følgd opp neste virkedag.

Dei fleste pasientane kan takast imot i Seksjon rus. Dersom det er fare for alvorlege abstinensreaksjonar, vil vi vise pasienten vidare til Medisinsk sengepost. Seksjon rus informerer Medisinsk sengepost om at vi held av plass til direkte overføring etter medisinsk avrusing. Opphaldet kan vare i inntil ti dagar. Sjå vedlagt illustrasjon.

Kvifor: Medisinsk avdeling i Helse Førde har ansvaret for medisinsk avrusing. Målet er betre koordinering av hjelpa til ei pasientgruppe som kan trenge både innlegging på Medisinsk sengepost og rusbehandling. Vi vil unngå oppstykkja behandling og at pasientar vert innlagde ved Medisinsk sengepost utan tilbod om vidare rusbehandling.

Spørsmål om alkoholløypa kan rettast til Arild Nøstdal på telefon 57 86 43 42 eller e-post arild.krogh.nostdal@helse-forde.no

Dokumentet er elektronisk godkjent